

# KYRKJEBLAD FOR ÅL



NÅ OG ALLTID / LAUVET SPRETT / MBEYA-PROSJEKTET  
TÅRNAGENTHELG / FRÅ TRUSOPPLÆRINGA / ISRAEL

NR. 3 | 2018 | 59. ÅRGANG



Foto: Randi Sigrun S. Jensen

Bildet viser utsikt mot Genesaretsjøen, som ligger rundt 200 meter under havets overflate. Ettersom det er flere høydetrak omkring, kan det plutselig oppstå kraftige vinder i området. Det var her Jesus stillet stormen, slik vi kan lese i Matteus 8,23-27. Båten ble nesten borte mellom bølgene. Da Jesus truet vinden og sjøen, ble det blikk stille. Ikke rart disiplene undret seg og spurte: Hva er dette for en? Både vind og sjø adlyder ham!

\*\*\*\*\*  
ARNE JENSEN



Av Arne Jensen

## Nå og alltid

Moderne tider er ikke bare navnet på en av Charlie Chaplins mest kjente filmer. Hver eneste dag er en moderne tid. I forhold til dagen i går, forrige generasjon og tidligere århundrer.

I en slik forståelse av historien kritiseres kirken iblant for å stå stille. Mange ønsker at kirken var mer i bevegelse. På noen felt kan kirken komme dette i møte. Et eksempel er den store språklige forskjellen på bibeloversettelsene av 1930 og 2011.

Ønsket om bevegelse og endring i kirkens lære begrunnes iblant med ord som at kirken må leve i takt med i tiden, bli mer moderne. Men på noen områder er det tvert imot viktig at kirken står tiden imot. I slike tilfeller er selve begrunnelsen det avgjørende. Endringer i teologi må begrunnes teologisk!

Flere spørsmål har stått-, og står på agendaen. Ekteskaps spørsmålet er et av dem. Andre aktuelle temaer er Jesu forsoningsverk, læren om fortapelse, Jesus som eneste veien til frelse. I slike sammenhenger må Bibelen på bordet. Her er det ikke nok med religiøs synsing. I ytterste konsekvens risikerer vi da å få en teologisk debatt blottet for teologi. Resultatet blir en kirke med et mer og mer fraværende budskap.

Spørsmålet er hva Jesus sier og hva de bibelske tekstene gir uttrykk for. Dersom vi annullerer Skriften mister vi Sannheten. Da har vi ikke lenger noen kirke, for da er det ingen forskjell på det som er inne i kirkerommet og det som er utenfor. Men så lenge Skriftens autoritet opprettholdes, er det ikke nødvendigvis noen motsetning mellom gammelt Ord og ny tid. Gud er uansett den samme. Nå og alltid, og i all evighet. Amen.

## 50-årskonfirmantar

Som de sikkert har forstått så gløymde bladnemnda jublantane i haustbladet. Me har no søkt assistanse frå ein deltakar og fiska etter skryt! Ho fortel:

*«50-årsjubileet ble en fin samling med mye kjekk «ungdom». Det ble servert deilig småmat, frukt, bløtkake og kaffe, og praten gikk villig. De som hadde lyst kunne dele historier fra skoletiden. En av «konfirmantene» minnet oss på hvor heldige vi egentlig var. Det er ikke alle 50-årskonfirmanter som får sånn oppmerksomhet. Først fikk vi være med på en flott gudstjeneste med mye sang og musikk, og etterpå et koselig samvær (med god servering) på Makalaus Mat – Søndre Gjestestugu. Det hele godt ledet av Anne Karina Tunestveit og Tormod Skarsgard.*

*En stor takk til Leveld, Torpo og Ål Sokneråd som arrangerte dette jubileet.»*

Olav Moen



**Jentene er (fra venstre):** Inger Karin Sjursen (Bøygard), Berit Brattegard (Narum), Astrid Gjeitsund (Sonerud), Marta Turid Solbakken (Kolsrud), Gerd Breiehagen (Krogh), Berit Snogsrud (Buseth), Torfrid Grønna (Norevik), Bjørg Jorde (Strand), Kari Berit Breie, Birgit Torild Lappegard (Driveklepp), Åslaug Espegard (nesten skjult), Inger Haugen (Ekrene), Rangdi Moen (Olsen), Brit Grethe Amundsen (Andresen), Berit Strendo, Gunnlaug Hellene (Løvberg) og Gerd Opheimjordet (Halvorsen).

**Guttene er (fra venstre):** Steinar Stålesen, Kjell Storhaug, Olvar Holeplass (nesten skjult), Gunnvald Åsegard, Kjell Hoff, Terje Teigen, Knut Svengård, Øystein Lappegard, Thorleiv Rotneim (skjult), Torgrim Syrtveit, Thor Warberg (bakerst), Nils Håkon Tveito, Egil Ruud, Leif Bergaplass (bakerst), Nils Ove Svengård, Øyvind Tveito, Knut Birger Rust, Lars Bergaplass og Ingvar Haugen.

## KYRKJEBLAD FOR ÅL

REDAKSJONSKOMITÉ Tone Idunn Anthun • Arne Jensen • Olav O. Moen

BANKGIRO 2320.20.70272 | ADRESSE Postboks 140, 3571 Ål | UTGJEVAR Leveld, Torpo og Ål sokneråd

GRAFISK PRODUKSJON Kreator, 3570 Ål, Telefon 3208 2560, www.kreator.no

## KYRKJA I ÅL

KYRKJEKONTORET Ope tysdag–fredag kl. 08.30–14.00 | Tlf. 32 08 61 61 Vakttilf. kl. 17.00–08.00 + helgane 954 71 644 | aal.kyrkje@hallingnett.no | www.aal.kyrkja.no  
PROST Vigdis M. Storhaug | SOKNEPREST Frank Vorhaug | PROSTIPREST Arne Jensen | KYRKJEVERJE Kjellfred Dekko | SEKRETÆRAR Line Østro • Guro Stave  
KANTOR Audun Flaen | MUSIKARAR Ingunn S. Lie • Håkon Tveito | DIAKON Hilde Kirkebøen | KYRKJELYDSPEDAGOG Johanne Marie Jordet | REINHOLDAR Rezene Habtom  
KYRKJETENARAR Håkon Tveito • Per Hermann Kolsrud • Morten Storhaug | SOKNERÅDSLEIAR Einar Brattegard | FELLESRÅDSLEIAR Torfinn Slåtto



# Lauvet sprett!

*Lauvet sprett jammen på bjørkekvisten som står att etter påskebuketten! Og det trass i den største snøhaugen eg har sett i tunet i midten av april, i heile mitt 46 årige liv! Det er jammen godt å sjå i år som forknipa lurar i heile landet, for fyrste gong i vår generasjon. Det er håp om at det blir vår i år også!*



Av Marianne Laa

.....  
PINSEANDAKT

Alt liv me kjenner er avhengig av faktorene vatn, lys og livskraft. Det gjeld både i naturen, og i Jesu ord om det kristne livet. Gud brukar bilete frå vår verd for å forklare oss frelsesverket og alt som følgjer med. Det stilige er jo at dess meir ein lærer og forstår av og om, naturen dess djupare og meir meining får bileta som Bibelen brukar. I likninga med vintreet og greinene er dette svært så relevant!



Den Heilage Ande er det levande vatnet som strøymmer frå stamma og ut i greinene, altså frå Herren og inn i kvar einskild av oss, som eit direkte resultat av livsfellesskapet med han.

*seg sjølv, men berre når ho er på vintreet, slik kan heller ikkje de bera frukt viss de ikkje er i meg. Eg er vintreet, de er greinene. Om de blir i meg og eg i dykk, då ber de mykje frukt, men skilde frå meg kan de ingenting gjera.*

Joh. 15:1 og 4-5; (Jesus seier:) *Eg er det sanne vintreet, og Far min er vinbonden.. Ver i meg, så er eg i dykk. Som greina ikkje kan bera frukt av*

Påkoplinga til stammen er livsnødvendig! Det er den einaste måten ei grein kan leva

og bera frukt på. Jesus seier med dette altså at; vårt livsfellesskap med han er den einaste måten å nå tak i det me treng for å leva og veksa som kristne, og for å kunne bera frukt! Me kan også lese ut av dette gode bilete at Guds kraft eller utrustning til teneste, ikkje er lagervare hjå oss, men hjå Gud! Me må altså våge å vere avhengige, våge å stole på at dette livsfellesskapet med Jesus Kristus er akkurat det me treng for å leva ut vårt liv i Han.

Kva har dette med pinse å gjere? Ganske direkte og enkelt: Den Heilage Ande er det levande vatnet som strøymmer frå stamma og ut i greinene, altså frå Herren og inn i kvar einskild av oss, som eit direkte resultat av livsfellesskapet med han. Så lenge me er påkopla stamma har me tilgang til alt Han har for oss, i rikt monn!

*God pinse!*

## SOMMARTUR til Haged gjestegård og Nesbyen fjellkyrkje torsdag 28.juni

Buss frå frå Sundrehall kl 10.00 og Lienkrysset, Torpo kl 10.15.  
Frå Nordbygdene køyrer me privatbilar ned til Hallingmøblar

Haged er ein av dei eldste gardane i Nesbyen, og har vore i familien i over 400 år. Slektsboka kan fortelje om namn og hendingar heilt frå slutten av 1500-tallet. Sigrunn Bæra Svenkerud tek imot oss med småmat og fortel og visar oss garden.

Etterpå besøker me Nesbyen fjellkyrkje.  
Her blir det eit program v/ Asle Stølsdokken som spelar, syng og har andakt.  
Påmelding til Ål kyrkjekontor: 32086161 innan 1.juni.  
Pris kr 250,-

Arr: Diakoninemndene i Torpo, Nordbygdene og Ål.



MARIA STØLEN – LINGVIST I TANZANIA:

# Mbeya-prosjektet

*Eg reiser ut i juli 2018 til Tanzania, der eg skal jobbe som lingvist (språkforskar). Det er over 100 språk som er brukt i Tanzania, men det er berre swahili og engelsk som vert brukt i skula og som mange grupper har tilgang til Bibelen på. Det er dessverre mange som ikkje forstår swahili godt nok til at orda når inn til hjarta eller fører til forandring, og difor er det viktig med Bibelen på morsmålet.*

Tekst og foto: Maria Stølen

Eg skal jobbe i byen Mbeya, der Wycliffe jobbar med 13 språk som er brukt av over 3 million menneske. Målet er å få omsett Det nye testamentet til desse språka, utvikle skriftspråk og jobbe med lese- og skriveopplæring på morsmålet. Dette er viktig for at dei lokale kyrkjene kan vekse i tru og for at fleire skal ta valet om å tru på Jesus. Når ei folkegruppe får Det nye testamentet på eget språk blir det tydeleg at Gud snakkar språket deira og at han er glad i dei. Kyrkjene får moglegheita til å tolke Bibelen sjølv, noko som er viktig for åndeleg vekst og for å motarbeide synkretisme.

Moglegheita til å lese og skrive på eget språk styrker identiteten til ei folkegruppe og er med på å vise dei at dei har verdi, noko som er særleg viktig blant minoritetsgrupper. Barn som lærer å lese og skrive på eget språk fyrst lærer å lese og skrive på alle språk betre.

Mbeya-prosjektet starta omlag ti år sidan og det er omkring 50 medarbeidarar, dei fleste lokale frå språkgruppene som er med. Wycliffe har omkring 20 personell frå ulike land som bidrar med kompetanse innanfor områder som teologi, språkvitskap, alfabetisering og opplæring i bruk av Bibelen. Nå i vår 2018 er det berre to

lingvistar fordelt på 13 språk. Dette gjer at omsetjarane og dei som lager lese-bøker og anna litteratur må vente på godkjenning i frå lingvistane. I tillegg er det fleire av språka der det fortsett er behov for finpussing i skriftspråket før Det nye testamentet kan bli gjeve ut. Språkanalysen som lingvistane driv med er viktig for å sikre god kvalitet. Det er viktig at budskapen i teksten er tydeleg og at lesebøker fungerer bra sånn at arbeidet kan føre til verkeleg forandring.

I fyrste omgang skal eg vera ute i to år, men eg håpar at eg skal vera lengre då sånt arbeid ofte tek ein del år.

## Litt om Wycliffe

Wycliffe er ein tverrkyrkjeleg misjonsorganisasjon som bidrar til at bibelomsetjing, lese- og skriveopplæring, språkforskning og relatert utviklingsarbeid skjer blant folkegrupper som har behov for det. Visjonen er at alle skal

ha tilgang til Guds ord på eit språk og format dei forstår godt.

Wycliffe i Norge feirar 40 årsjubileum i år og har cirka 15 aktive utsendingar i Afrika, Asia og Oseania. Internasjonalt har Wycliffe jobba med minoritets-språkgrupper i over 70 år og er i dag involvert i 2125 omsetjingsprosjekt. I tillegg jobbar Wycliffe aktivt for å få starte arbeid i dei ca. 1600 språka som ennå ikkje har eit einaste vers frå Bibelen.

## Kven er Maria?

Eg er frå Ål i Hallingdal men har i stor grad vakse opp i USA. Dei siste fem åra har eg fordelt mellom Oslo, Minneapolis (USA) og Langley (Canada). Eg har alltid vore glad i Guds ord og funne mykje liv og styrke der. Det er no meir enn åtte år sidan Gud begynte å legge bibelomsetjing og språkutviklingsarbeid på hjarta mitt.

Eg har bachelor i språkvitskap frå University of Minnesota og master i anvendt språkvitskap frå Canada Institute of Linguistics, som spesialiserer i arbeid med minoritets-språk. I tillegg har eg studert litt på UiO og HSN. Eg gleder meg til å bidra med viktig kompetanse innanfor språkanalyse

Wycliffe   
sammen om bibeloversettelse 1978–2018







### Korleis kan folk vera med?

Som utsending er eg ikkje superhelt. Eg treng folk som vil stå saman med meg og ta del i å bringe Guds ord til fleire folkegrupper.

**Bønn:** Eg treng forbønn både for arbeidet eg skal drive med og for meg personleg, at eg skal takle utfordringane eg møter der. Eg blir veldig glad for bønn både før eg drar og mens eg er ute.

**Økonomi:** Eg blir tilsett av Wycliffe men lønna mi kjem frå øymerka gåver som er gjeve inn til Wycliffe. Difor er ein del av jobben min å finne individ og kyrkjer som vil stå saman med meg i gjevarteneste. Dette kan skje anten som eingongsgåver eller som faste gåver via avtalegiro. Alle gåver gjev grunnlag for skattefrådrag.

**Følg med:** Det er viktig for Guds folk å veta kva som skjer i kyrkja i andre delar av verda sånn at me kan be for kvarandre og bli oppmuntra av det som Gud gjer. Eg snakkar veldig gjerne om det eg driv med, og vil gjerne halde folk oppdatert medan eg er ute, samt gje dei moglegheita til å ta del i det som Gud gjer i andre delar av verda. Eg sender nyheitsbrev på epost med oppdateringar og bønneemne. Ta kontakt om du vil vera med på lista!



Foto: Tone Idunn Anthun

## Tårnagenthelg

Tekst: Johanne Marie Jordet

Laurdag like etter påske fylte tårnagentar frå 2. og 3. trinn kyrkja med liv og røre. I grupper fekk dei pynte fantasifulle muffins til kyrkje-kaffien, lære kva misjon er for noko - og alle som ville fekk seg ein tur heilt opp i tårnet. Tårnet i Ål kyrkje er høgt og har bratte trappar. Turen opp er spennande og på toppen er det flott å sjå dei store klokkane ein kan høyre over heile Ål. Dei som ville fekk og sjekke utsikten ut av gluggane. Tårnagentane fekk og vere med å delta i gudstenesta dagen etter med song, drama og ulike oppgåver.



Foto: Iver Grue

•••••  
FRÅ TRUSOPPLÆRINGA

Tekst og foto: Johanne Marie Jordet

## Trusopplæring og gardsbesøk

Det er mai og lamminga er i full gang her på Ål. For dei som går på 1.trinn vil det på denne tida komme brev frå trusopplæringa i kyrkja med invitasjon til gardsbesøk. Her får vi sjå på sauer og nyfødte lam, og me får høyre bibelforteljinga om Jesus som den gode gjetaren.



## Er du glad i å vere sammen med barn og har litt tid til overs?

Trusopplæringa i kyrkjelyden har ulike samlingar med ulike tema. Men felles for dei alle er at det alltid er godt å vere mange vaksne med for å lage gode opplegg for barna.

Har du lyst til å vere ein vaksen som kan dele litt av din eigen tid saman med barna? Det kan vere på eit enkelt tiltak ei gong i året eller meir fast på det som skjer kvar veke. Det som me treng mykje hjelp til akkurat no er :

- «Etter skuletid», tilbod til born på 4.-7.trinn med samlingar i kyrkjestugu kvar måndag kl 14-16
- «BUK 2018» ferieskule for 1.-4.trinn 25.-27. juni. Dette er heildagssamlingar med masse leik og aktivitetar. Her har vi bruk for mange vaksenleirar.



Har du lyst til å bli med i dette eller noko av det andre spennande arbeidet vi har saman med barna? VI TRENG DEG!

Kan dette vere noko for deg så ta kontakt med Johanne Marie Jordet på kyrkjekontoret [johanne-marie.jordet@hallingnett.no](mailto:johanne-marie.jordet@hallingnett.no) 97173937

## GudsRom

– for tru, tvil og undring

*Invitasjon til samtale rundt eit enkelt kveldsmåltid der me deler tankar og spørsmål om liv og tru. Samtalene tek utgangspunkt i Kristuskransen av Martin Lønnebo. Kristuskransen er ein slags «livsbøye for sjela» og består av 18 livsperler.*

**Onsdag 30. mai og 27. juni  
på Kafe TID kl 19.30–21.00**

Hilde Kirkebøen

## Morgonbøn

Ål kyrkje er open for ei stille morgonstund kvar tysdag kl. 08.00-09.00

•••••  
KYRKJEBLADET FOR 30 ÅR SIDAN

## I NYTT HUS

Det nye kontorbygget ved Ål kyrkje er no teke i bruk. I midten av mai flytta vi inn i lyse og trivelege rom som gav god plass og fine arbeidstilhøve, for oss som til dagleg arbeider i Ål kyrkje. Alle har vi fått kvart vårt kontor med nye fine møblar. Stor er overgangen for somme av oss, kanskje størst for kyrkjevevgen som tidlegare hadde «kontor i ein peppesk». Diakonen har også fått plass i nybygget, han hadde tidlegare kontor i Tingstugu. Vi opplever det naturleg og praktisk og samlast alle under eitt tak og ha nærare og betre kontakt og dermed betre samarbeid enn før.

Visst står det att ein del arbeid før alt er i orden i nybygget. Yrkesskulegutane hamrar på taket, legging av skiferheller er ein tidkravande jobb, litt listing



Enno ser kontorbygget ved Ål kyrkje litt uferdig ut på utsida, men inne er det full aktivitet. Den høgtdedelege opninga skal vera til haustm.

står att, møte/spiserommet er ikkje ferdig, gardinar manglar, men vi har telefon! Visse startvanskar har vi med avansert utstyr, men no har vi lært å setje over samtalar til kvarandre. Dette nybygget er ikkje meint berre for oss som

arbeider i kyrkja, men er like mykje eit hus for alle som bur her i Ål. Meininga er at her kan alle korna som har ærend til prestane eller oss andre, og det vi vonar er at huset må bli flittig besøkt, og at vi som arbeider her kan få lov å

vera til hjelp i kva høve det måtte vera. Kontora er opne kvar dag frå måndag-fredag frå kl. 9.30 -14. Prestane er sikrast å treffe mellom 9.30-11 tirsdag-fredag, og diakonen kl. 10-12 måndag til fredag.

Magny



# VI GÅR I KYRKJA

## 13.05.18 - s. f. pinse

Ål kyrkje 11.00 Konfirmasjonsgudst.

## 17.05.18 - 17.mai

Ål kyrkje 10.00 Gudsteneste

Torpo kyrkje 11.00 Gudsteneste

Leveld kyrkje 12.30 Gudsteneste

## 20.05.18 - Pinsedag

Torpo kyrkje 10.00 Gudsteneste

Ål kyrkje 11.00 Gudsteneste

Leveld kyrkje 12.00 Gudsteneste

## 27.05.18 - Treen

Ål kyrkje 11.00 Folkemusikk-gudst.

## 02.06.18 - Lø. e. Treen.

Ål kyrkje 11.00 Konfirmasjonsgudst.

## 03.06.18 - 2. s. i. t.

Leveld kyrkje 11.00 Konfirmasjonsgudst.

## 10.06.18 - 3. s. i. t.

Ål kyrkje 11.00 Gudsteneste

Torpo kyrkje 11.00 Gudsteneste

## 17.06.18 - 4. s. i. t.

Leveld kyrkje 11.00 Gudsteneste

## 24.06.18 - St.Hans

Ål kyrkje 11.00 Gudsteneste

## 01.07.18 - Apost

Leveld kyrkje 11.00 Gudsteneste

## 08.07.18 - 7. s. i. t.

Torpo kyrkje 11.00 Gudsteneste

## 15.07.18 - 8. s. i. t.

Ål kyrkje 11.00 Gudsteneste

## 22.07.18 - 9. s. i. t.

Leveld kyrkje 11.00 Gudsteneste

## 29.07.18 - Olsok

Nystølskyrkja 11.00 Gudsteneste

Torpo Stavkyrkje 18.00 Gudsteneste

## 05.08.18 - 11. s. i. t.

Leveld kyrkje 11.00 Gudsteneste

Sangefjell

naturkatedral 13.00 Gudsteneste

## 12.08.18 - 12. s. i. t.

Ål kyrkje 11.00 Gudsteneste

## 19.08.18 - 13. s. i. t.

Torpo kyrkje 11.00 Gudsteneste

## 26.08.18 - Ving

Ål kyrkje 11.00 Gudsteneste

## 02.09.18 - 15. s. i. t.

Leveld kyrkje 11.00 Gudsteneste

Ål bygdamuseum 14.00 Gudsteneste

## 09.09.18 - 16. s. i. t.

Torpo kyrkje 11.00 Gudsteneste m/  
konfirmantpresentasjon

## 16.09.18 - 17. s. i. t.

Ål kyrkje 11.00 Gudsteneste m/  
konfirmantpresentasjon

Leveld kyrkje 19.00 Gudsteneste m/  
konfirmantpresentasjon

## 23.09.18 - 18. s. i. t.

Ål kyrkje 11.00 Gudsteneste

Torpo kyrkje 19.00 Gudsteneste

## Kirkens SOS: 22 40 00 40

(landsnr.)

Kirkens SOS har også en chatte- og e-mailtjeneste – ved å logge seg inn på [www.kirkens-sos.no](http://www.kirkens-sos.no)

## Gravstell

Ål kyrkjelege fellesråd tilbyr gravstell på kyrkjegardane i Leveld, Torpo og Ål. Frist for å teikne ny avtale om gravstell er 15. mai. Avtale teikna etter denne datoen, trer i kraft året etter.

## KYRKJEVERJA SITT HJØRNE

### Feste av grav

Før i tida kunne ein gå på kyrkjekontoret og feste ei grav eller fleire. Slik er det ikkje lengre. Ein kan berre feste grav i samband med dødsfall. Ver merksam på at vedtekene opnar for å feste to graver ved sida av grava som blir teken i bruk. Det blir rett nok ein del å betale. Førehandsfeste av grav blir: 20 år x 170 kroner året = 3 400. Om ein ynskjer å førehandsfeste to graver blir prisen 6 800.

## No kan du gi takkoffer i kyrkjene i Ål med Vipps!

Søk opp den aktuelle kyrkja i Vipps-appen på smarttelefonen eller bruk følgjande Vipps nr:

Torpo kyrkje: Vipps nr 95799

Ål kyrkje: Vipps nr 95789

Leveld kyrkje: Vipps nr 95798

Vats fjellkyrkje: Vipps nr 95796



## DØYPTE:

Ål

01.04. Sofie Schjørlien Haugestøl

## Nystølhovda på Oppeimsåsen:

01.04. Lavrans Vestenfor

## VIGDE:

Ål

23.03. Ruta Teklit Ghebrednglm og Gerbrhan Weldemaniel Okbanse

## DØDE

Ål

25.02. Ola T. Ruud f.1926

22.03. Sigbjørn Solbakken f.1942

## Leveld:

07.03. Lars-Torleiv Bergaplass f.1927

10.03. Embrik Haga f.1946

## Torpo:

26.02. Brit Wenche Eriksen f.1948

28.02. Jørand Evjen f.1933

Neste nr. av kyrkjebladet kjem ut i midten av september. Stoff til bladet må leverast kyrkjekontoret/epost: [tone-idunn.anthun@hallingnett.no](mailto:tone-idunn.anthun@hallingnett.no)  
Frist innan 10. august



Samtaler for par, familier og enkeltpersonar. Kommunikasjon, konfliktløsning, foreldrerettlegg, mekling m.m. Tilbodet er gratis

Tlf. 32 12 33 44

Torget 5, Ål. Pb. 119, 3570 Ål  
E-post: [familievernkontoret.ringerike.hallingdal@bufetat.no](mailto:familievernkontoret.ringerike.hallingdal@bufetat.no)

For døve og tunghøyrdte; send sms til: 404 88 126  
[www.familievern.no](http://www.familievern.no) • [www.bufetat.no](http://www.bufetat.no)

Leder: Heidi Albrigtsen  
Familieterapeut: Marit Haug Noss,  
Frødis Stoveland Dekko, Anita Etterlid  
Sekretær: Guro Stave

# ISRAEL

*For kristne over hele verden har navnet Israel en helt spesiell klang. Tankene går til Jesu liv. Hans fødsel, død, oppstandelse, og hans forkyndelse om Guds rike. I Det gamle testamente kan vi lese hvordan disse hendelsene ble forutsagt lenge før de fant sted.*



Foto: Pixabay.com



Jerusalem. Foto: Unsplash.com

Fra hele verden kommer mennesker til Israel for å oppleve bibelske landskap på nært hold. Sette føttene på steder hvor Jesus selv en gang vandret. Mye har endret seg på disse 2000 årene, men Galilea heter fremdeles Galilea. Også i dag blir mennesker døpt i elven Jordan.

I 2017 besøkte over 3,5 millioner mennesker Israel. Mange reiser dit i påsken. Det må være noe spesielt ved det å vandre ned fra Oljebellet Palmesøndag. Gå i Jesu fotspor på Via Dolorosa, lidelsens vei, Langfredag. Oppsøke den hellige gravskirken påske-aften, for deretter å delta i feiring av Jesu oppstandelse dagen etter.

Også den årlige Løvhyttefesten samler mennesker fra hele verden. Denne er en påminnelse om de førti årene med vandring gjennom ørkenen. Samtidig er

Løvhyttefesten et vitnesbyrd om kjærlighet til det jødiske folk, og en hyllest til Kongenes Konge. En lovprisning av Mesteren i hans egen by, Jerusalem.

I disse dager er det 70 år siden staten Israel ble opprettet. Gjennom dette fikk det jødiske folk nytt livshåp etter Holocaust, den store tragedien under krigen. Fremdeles opplever Israel utfordringer, omringet som det er av stater som ikke vil dem vel. Noen nasjoner vil endog fjerne landet fra kartet. Men Israel har og vil alltid ha en sentral plass i Guds frelseshistorie.

Jødene venter på at Messias skal komme. Under deres påskemåltid kommer forventningen om dette tydelig til uttrykk. Ved bordet er det reservert plass, og dekket på til en ekstra gjest. Skulle Messias komme under måltidet, må han oppleve seg ventet

og ønsket. Kanskje kan dette være en idé også i kristne sammenhenger, for å minne oss selv om at Jesus en dag skal komme igjen.

Det er ventet mange tilreisende til Israel i forbindelse med 70-årsmarkeringen. Samtidig som vi kan glede oss over denne, er den kristne kirke hele tiden forpliktet på Jesu misjonsbefaling (Matteus 28,18-20). Også for det jødiske folk skal evangeliet om Jesus, Messias forkyndes. Paulus sier endog at evangeliet er for jøde først (Romerne 1,16). Invitasjonen går likevel ut til alle mennesker. For så høyt har Gud elsket verden at han gav sin Sønn, den enbårne, for at hver den som tror på ham, ikke skal gå fortapt, men ha evig liv (Johannes 3,16).

*Arne Jensen*



**TAKK!**

**Takk for innsatsen til alle som deltok på fasteaksjonen i Ål, Torpo og Nordbygdene.**

Det kom inn totalt kr 85 457 inkludert vipps (kr. 87 487 inkludert kollekt på gudstenesta søndag 18.mars). Totalt var det 71 personar som deltok i aksjonen – med køyring og innsamling: Takk til konfirmantar, konfirmantforeldre, andre frivillige – vaksne, barn og unge! Takk til alle diakoninemnder! Og takk til alle som gav! Saman har me sørga for livsviktig, reint vatn til enda fleire menneske.

*Hilde Kirkebøen*